



**AUSTRHEIM KOMMUNE**

Rådmannen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
11.11.2015	14/351 - 25	

**Melding om vedtak - Kommunestruktur - Val av forhandlingspartnere**

Sjå vedlagt saksdokument.

Vennleg helsing  
Emma Hjelmtveit  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift*

Andre mottakere:

Fedje kommune, Gulen kommune, Solund kommune, Masfjorden kommune, Lindås kommune,  
Meland kommune, Radøy kommune

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jan Olav Osen	FE - 002	14/351

## Kommunestruktur - Val av forhandlingspartnere

### Vedlegg

Kommunestruktur - Notat status

### Framlegg til vedtak:

Austrheim kommune set straks igong utgreiingsarbeidet med alternativ 1 og slutfører dette innan utgangen av 1. kvartal 2016.

Austrheim kommune står fast på gjeldande vedtak om å utgreida alternativ 2, inntil stoda for dette alternativet er avklart på neste forhandlingsmøte i « regionprosjektet»

## Kommunestyret - 100/15

### KS - behandling:

Det vart lagt fram framlegg frå Krf v/ Anne Dahle Austrheim og AP v/ Siri Kaland.

Rådmannen, Krf og Ap trekt sine framlegg til vedtak.

Framlegg frå Reidar Øksnes:

Med bakgrunn i uttalelser frå sentrale politikarar og enkeltvedtak i deltakarkommunane, og det faktum at to av dei største og folkerikaste kommunane har trekt seg frå forhandlingane, ser Austrheim Kommunestyre prosjektet «Felles kommune i Norhordaland» som skrinlagt.

Austrheim kommunestyre vel difor å trekja seg frå forhandlingane.

Austrheim Kommunestyre ber administrasjonen starta arbeidet med ei utgreiing av konsekvensar ved at Austrheim fortset som eigen kommune. Utgreiinga må ligja føre i April 2016.

Austrheim kommunestyre ber forhandlingsutvalet om:

- Ta kontakt med Fedje, Gulen, Solund og Masfjorden om det er interesse for forhandlingar om innhald, konsekvensar og struktur på ein ny kommune, med ein eller fleire av desse.
- Ta kontakt med Lindås, Meland og Radøy om det er interesse for forhandlingar om innhald, konsekvensar og struktur på ein ny kommune med ein eller fleire av desse.

Resultatet av desse kontaktane vert lagt fram for formannskapet 10.11.2015 og kommunestyre 25.11.2015 med forslag til vidare framdrift/arbeidsplan.

For å sikre at alle folkevalde er orientert om utviklinga i arbeidet med ny kommunestruktur, skal formannskapet og kommunestyret i kvart møte framover orienterast om status i arbeidet.

Framlegget frå Reidar Øksnes vart samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Med bakgrunn i uttalelser frå sentrale politikarar og enkeltvedtak i deltaka kommunane, og det faktum at to av dei største og folkerikaste kommunane har trekt seg frå forhandlingane, ser Austrheim Kommunestyre prosjektet «Felles kommune i Norhordaland» som skrinlagt.

Austrheim kommunestyre vel difor å trekja seg frå forhandlingane.

Austrheim Kommunestyre ber administrasjonen starta arbeidet med ei utgreiing av konsekvensar ved at Austrheim fortset som eigen kommune. Utgreiinga må ligja føre i April 2016.

Austrheim kommunestyre ber folhandlingsutvalet om:

- Ta kontakt med Fedje, Gulen, Solund og Masfjorden om det er interesse for forhandlingar om innhald, konsekvensar og struktur på ein ny kommune, med ein eller fleire av desse.
- Ta kontakt med Lindås, Meland og Radøy om det er interesse for forhandlingar om innhald, konsekvensar og struktur på ein ny kommune med ein eller fleire av desse.

Resultatet av desse kontaktane vert lagt fram for formannskapet 10.11.2015 og kommunestyre 25.11.2015 med forslag til vidare framdrift/arbeidsplan.

For å sikre at alle folkevalde er orientert om utviklinga i arbeidet med ny kommunestruktur, skal formannskapet og kommunestyret i kvart møte framover orienterast om status i arbeidet.

### **Saksopplysninger:**

#### **Bakgrunn**

**Saka gjeld førespurnad frå kommunane Lindås, Radøy og Meland om Austrheim kommune ynskjer å delta i drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune.**

#### **Austrheim kommunestyre har i møte den 04.02.15 gjort fylgjande vedtak:**

1. Austrheim kommune går i drøftingar for å vurdere aktuelle alternativ med tanke på å avdekkje fordelar og ulemper ved ein eventuell ny kommunestruktur.
2. Rådmennene i dei aktuelle kommunane som vel å samarbeide om ny kommunestruktur får i oppdrag å utarbeide nærare prosjektplan og framlegg til mal for intensjonsavtale som skal leggjast til grunn for arbeidet.
3. Malen for intensjonsavtalen og prosjektplanen skal godkjennast av dei respektive kommunestyra våren 2015.
4. Endeleg vedtak om ny kommune vert gjort i kommunestyret våren 2016.

5. For å sikre at alle folkevalde er orientert om utviklinga i arbeidet med ny kommunestruktur, skal formannskapet og kommunestyret i kvart møte framover orienterast om status i arbeidet.

I saka låg det føre fylgjande alternativ for For Austrheim kommune:

1. Austrheim kommune ( som i dag )
2. Modalen, Meland, Radøy, Lindås, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Gulen
3. Austrheim, Fedje, Masfjorden og Gulen
4. Austrheim med deler av Radøy og Lindås

For Austrheim kommune har det vore kun to aktuelle alternativ.

Det har vore alternativ 1 å fortsette som eigen kommune og alternativ 2 der alle kommunane i Nordhordland slår seg saman til ein kommune.

For alternativ to er det valt eit forhandlingsutval for Austrheim kommune som har delteke i 4 møter.

I første møtet i forhandlingsutvalet deltok også Solund kommune og Osterøy kommune.

Status i dag er at fylgjande kommuner deltek i forhandlingane:

Modalen, Lindås, Fedje, Masfjorden, Gulen, Solund og Austrheim

Neste møte i dette forhandlingsutvalet er den 5. november 2015 og her må det drøftast korleis dette prosjektet skal vidareførast.

Austrheim kommunestyre har i tidlegare møte vedteke at Austrheim kommune ikkje skal gå i dialog med kommunane Lindås, Meland og Radøy.

I skriv av 21.09.15 har Liv Ulvøy og Ernst Stellberg bedt om at kommunestyret tek sak opp på nytt med fylgjande framlegg til vedtak:

Austrheim kommune går i reelle drøftingar med kommunane Lindås, Meland og Radøy med sikte på å etablere ein ny kommune.

### **Vurdering**

**Viser til innspel frå Liv Ulvøy og Ernst Stellberg om at Austrheim kommune bør gå i drøftingar med Lindås kommune, Radøy kommune og Meland kommune med sikte på å etablere ein ny kommune. Eg finn det rimeleg at alternativ 1 vert utgreid nærare og at stoda til alternativ 2 vert avklart på neste møte i forhandlingsutvalet.**

### **Konklusjon**

Eg rår til fylgjande:

Austrheim kommune set straks igong utgreiingsarbeidet med alternativ 1 og slutfører dette innan utgangen av 1. kvartal 2016.

Austrheim kommune står fast på gjeldande vedtak om å utgreida alternativ 2, inntil stoda for dette alternativet er avklart på neste forhandlingsmøte i « regionprosjektet»